

OPPGÅVE 2: LAGA DYKKAR EIGA BILETBOK

De skal laga ei enkel historie som skal illustrerast i ei biletbok. Tenk gjennom kva som skal vera temaet.

- **Når de skal laga historia, skal de passa på:**
 - at det ikkje er så mange personar med
 - at de har litt spenning i forteljinga dykkar, slik at det er spennande å bla om
 - at de har språklege verkemiddel – bruk gjerne språklege bilete, ulik storleik på skrifta for å understreka det som de vil ha fram, nye ord osv.
 - å tenkja gjennom synsvinkelen og kven som er forteljaren,
 - at teksten er kort, og at rettskrivinga er korrekt
 - at de spelar på klang og rytme, har lydord og utrop, bokstavrim, litt bruk av dialog
- **Når de skal teikna historia, er det viktig at de tenkjer gjennom kva verkemiddel de vil nytta:**
 - biletutsnitt (heilbilete, totalbilete, halvnært, nært og ultranært bilete)
 - perspektiv (fugle-, froske-, normal- og verdiperspektiv)
 - rammer eller ikkje?
 - linjer og former (retning, små og store, skarpe og runde)
 - samanheng og gjentaking
 - lyskjelder og lysretning
 - fargar (tette, gjennomskinlege, sterke, svake, kontrastar, ton-i-ton)
- Når boka nærmar seg ferdig, skal de tenkja på framside, med tittelen, forfattarnamna, prolog- og epilodbilete, og bakside, slik at det blir ein heilskap i boka.
- Begge på gruppa skal jobba saman om alle desse tinga, sjølv om kanskje ein/ei teiknar meir enn den andre.
- De skal diskutera korleis oppslaga skal sjå ut, kva som skal stå på dei ulike sidene, og kva for verkemiddel de vil nytta.

- De får lov til å gjera andre ting enn berre å teikna. De kan til dømes bruka fotografi, bilete frå vekeblad, silkepapir, måling og liknande for å laga boka slik de vil ha ho.
- Det er viktig at alle på gruppa deltek.
- De skal få vurdere dykkar eige og gruppa sitt arbeid i etterkant.
- Sjå også på vurderingskjenneteikna kva de skal gjera for å få god vurdering på arbeidet dykkar.
- Boka skal over i ein PowerPoint dersom de vel å ha framføring for klassen. Dersom de heller vil ha ein fagsamtale, tar de boka med og viser kva de har tenkt.

Du får til saman to karakterar:

- Ein på boka (skriftleg)
- Ein på fagsamtalen eller framføringa (munnleg)